



Eit trygt arbeidsliv



For dei mange
– ikkje for dei få

Arbeid for alle

SV vil at faste og heile stillingar skal vere hovudregelen i arbeidslivet. Med fast jobb er kvardagen meir føreseieleg, med større moglegheit for å leve trygge og gode liv, og det er lettare å planlegge framtida og kjøpe seg bustad. Det blir òg mindre krevjande å varsle om vanskelege forhold på jobben.

SV vil ha eit godt organisert arbeidsliv med sterke fagforeiningar, faglege rettar og tariffavtalar for å jamne ut maktforholda i arbeidslivet, og for å hindre at arbeidsfolk blir utnytta. Målet vårt er arbeid til alle! Vi vil ha full sysselsetjing, små lønsforskjellar og eit arbeidsliv med fleire rettar og meir makt til lønsarbeidarar.

SV vil:

- **Styrke arbeidsmiljølova, og fjerne den generelle tilgangen til mellombelse tilsetjingar.**
- **Fjerne New Public Management som styringsmodell i offentleg sektor. Sjukehus skal ikkje drivast som butikk!**
- **Avvikle bemanningsbransjen - arbeidsformidling skal vere eit offentleg ansvar.**
- **Sikre lovfesta og reell rett til heiltid.**
- **Styrke arbeidet mot arbeidslivskriminalitet, sosial dumping og tvangsarbeid.**
- **Senke den ordinære arbeidstida i Arbeidsmiljølova til 37,5 timar i veka og 8 timar per dag.**
- **Legge til rette for gradvis arbeidstidsreduksjon med 30-timars veke og 6-timersdag med full lønskompensasjon som mål.**
- **Gi fullt skattefrådrag for fagforeiningskontingent, og legge til rette for auka fagorganisering i alle delar av arbeidslivet.**

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn i SV!

Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

